



PLANPROGRAM

Kommunedelplan for vatn, avløp og overvatn

i Ørsta kommune

30.01.2026

Versjon 1.0



1 Innhald

1	Innleiing.....	3
2	Bakgrunn for ny hovudplan.....	3
2.1	Føresetnadar for planarbeidet.....	3
3	Formål med planen	4
4	Planarbeidet.....	5
4.1	Utgreiingsbehov og datagrunnlag	7
4.2	Organisering	8
4.3	Medverknad	9
4.4	Oppfølging av høyringsinnspel.....	10
5	Planprosessen	10
5.1	Formål med planprogrammet.....	10
5.2	Planstatus	10
5.3	Prosess.....	11
5.4	Framdriftsplan.....	11
5.5	Alternativ som blir vurdert	12
5.6	Planområde	12
6	Rammer og føringar	13
6.1	Nasjonale føringar.....	13
6.2	Regionale og lokale føringar	13
6.3	Klimatilpassing og samfunnsikkerheit.....	13
6.4	Berekraft og berekraftsmål.....	14
7	Forholdet til konsekvensutgreiing	14
9	Digital VA-plan	15

1 Innleiing

Ørsta kommune har sett i gang arbeidet med å utarbeide ein samla hovudplan for vatn, avløp og overvatn for perioden 2027-2037. Planen skal legge overordna og langsiktige føringar for utvikling og drift av kommunen sin VA-sektor. Kommunedelplan/hovudplan for vatn, avløp og overvatn er prioritert i kommunen sin planstrategi.

Planen vert utarbeida som ein tematisk kommunedelplan etter *plan- og bygningsloven* § 11, og må følgje dei krava som gjeld for prosess, medverknad og innhald. Dokumenta vert likevel omtala som «Hovudplan vatn, avløp og overvatn».

2 Bakgrunn for ny hovudplan

Gjeldande hovudplan for VA er frå 1994. Det vart starta opp eit arbeid med ny hovudplan for avløp i 2005-2011, men arbeidet vart ikkje avslutta og er ikkje vedteken.

Kommunen står ovanfor fleire utfordringar:

- Aldrande leidningsnett, med auka behov for utskifting og reinvestering.
- Lekkasjar og ressurskrevjande drift, som bind opp budsjett og personell.
- Krav og føringar frå nasjonale myndigheiter og EU, inkludert drikkevassforskrifta, forureiningsforskrifta og målsettingar for folkehelse.
- Behov for fleksibilitet, for å kunne ta i bruk ny teknologi og tilpasse seg framtidige behov og klimaendringar.

Dette understrekar behovet for ein overordna hovudplan som gir tydelege mål, men samtidig handlingsrom for fleksible løysingar og prioriteringar.

2.1 Føresetnadar for planarbeidet

Arbeidet med hovudplan for vatn, avløp og overvatn bygger på ei rekke faglege, juridiske og samfunnsmessige føresetnader. Planen skal ivareta nasjonale og regionale mål, samstundes som lokale behov og prioriteringar i Ørsta kommune blir lagt til grunn. Følgande føresetnadar er særleg viktige for planarbeidet:

Strengare krav til vatn- og avløpstenester

Nasjonalt regelverk, EU-direktiv og nasjonale mål for vatn og helse stiller skjerpa krav til kvalitet, tryggleik og miljøpåverknad frå vatn- og avløpssektoren. Dette omfattar mellom anna drikkevassforskrifta, forureiningsforskrifta, vassforskrifta og nytt/revidert avløpsdirektiv.

Klimaendringar og naturfarar

Auka nedbør, hyppigare episodar med styrtregn, flaum og skred, i tillegg til periodar med tørke, påverkar både vassressursar, leidningsnett og resipientar. Planarbeidet skal ta

utgangspunkt i gjeldande klima- og energiplan, ROS-analysar og kunnskap om lokale klima- og naturfarar.

Samfunnstryggleik og beredskap

Vatn- og avløpsinfrastrukturen er kritisk for helse, miljø og samfunn. Planen skal bidra til å styrke beredskapen ved driftsavbrot, svekka vasskvalitet, ekstremvær, straumbrot og andre uønskte hendingar, og sjå VA-beredskap i samanheng med den overordna beredskapsplanen til kommunen.

Demografisk utvikling og arealbruk

Folkeutvikling, næringsutvikling, hyttebygging og endra arealbruk påverkar behovet for kapasitet og investeringar i vatn- og avløpsanlegg. Hovudplanen skal understøtte arealdelen i kommuneplanen og gi føringar for korleis VA-løysingar skal vere tilpassa framtidig utbygging.

Økonomi og langsiktige investeringar

Vatn- og avløpsanlegg har lang levetid og krev betydelege investeringar. Planarbeidet skal bidra til føreseieleg gebyrutvikling, prioritering av tiltak og ei berekraftig bruk av ressursane til kommunen, slik at naudsynte investeringar kan bli gjennomført over tid.

Digitalisering og kunnskapsgrunnlag

Oppdaterte kartdata, leidningsregistrering, tilstandsvurderingar og bruk av digitale verktøy er viktige for å planlegge, prioritere og følge opp tiltak. Planen skal legge til rette for at avgjerder blir tekne på grunnlag av best mogleg tilgjengeleg kunnskap.

3 Formål med planen

Hovudplan for vatn, avløp og overvatn er kommunen sitt overordna styringsdokument for vassforsyning og avløpshandtering. Føremålet med å utarbeide hovudplan for vatn, avløp og overvatn er å få ein oppdatert status på tilstand og behov i det kommunale VA-nettet, for å kunne prioritere handlingar og tiltak for framtida. Dette vil vere førande for m.a. framtidig budsjettbehov og gebyrnivå.

Hovudmåla er:

- Utarbeide eit styringsdokument for kommunen sin VA-sektor.
- Kartlegge dagens situasjon, identifisere utfordringar og definere mål.
- Foreslå tiltak og lage ein handlingsplan med kostnadsoverslag.
- Legge grunnlag for økonomiplan og budsjett.

- Sikre integrasjon med kommuneplanen sin arealdel.
- Rullere planen kvart 10. år, med handlingsdel kvart 4. år.

Planen skal gi eit heilskapleg og operativt rammeverk som sikrar driftstryggleik, effektiv ressursbruk og trygghet for innbyggjarar og næringsliv.

4 Planarbeidet

Hovudplanen skal fungere som et strategisk styringsverktøy for VA-sektoren. Den vert delt i to sentrale delar:

1. Hovudplan

- Vert politisk vedteke av kommunestyret.
- Skal synleggjere/greie ut dagens status for vassforsyning og avløpshandtering
- Definerer langsiktige mål, strategiar og prioriterte satsingsområde for vassforsyning og avløpshandtering.

2. Handlingsplan

- Vert politisk vedteke av kommunestyret.
- Strategiske handlingar som legg rammer og føringar for investeringane i dei komande åra. Inneheld kostnadsoverslag som legg premissar for framtidig gebyrutvikling.

I tillegg til dette vil det etterkvart bli utarbeida ein tilhøyrande tiltaksplan, enten områdevis eller tematisk, avhengig av behova som vert avdekt under arbeidet med hovudplanen.

Tiltaksplan

- Dette vil vere eit administrativt styringsdokument som inneheld konkrete prosjekt, framdrift og kostnadsutrekningar.
- Det vil årleg bli løfta fram aktuelle prosjekt til politisk handsaming i samband med rullering av kommunen sin økonomi- og handlingsplan. Tiltaksplanen blir oppdatert løpande etter behov, og vert tilpassa nye tekniske vurderingar og økonomiske rammer innanfor budsjettpostane som er vedteke i handlingsplanen.

Viktige tema i planarbeidet:

Vassforsyning:

Planen skal legge til rette for at Ørsta kommune leverer tilstrekkelege mengder helsemessig trygt drikkevatt i tråd med drikkevassforskrifta.

Fokusområdet for vassforsyning:

- Sikre stabil forsyning av drikkevatt med tilfredsstillande kvalitet og kapasitet for kommunal vassforsyning.
- Oppretthalde tilstrekkeleg vasstrykk hos abonnent, i tråd med gjeldande abonnementsvilkår og relevant standard.
- Redusere lekkasjar gjennom systematisk fornying av leidningsnettet og aktiv lekkasjekontroll.
- Vurdere grensesnitt offentleg/privat leidning.
- Vurdere og utvikle reservevasskjelder og beredskapstiltak, inkludert nødvassløysingar ved langvarige bortfall.
- Definere og oppdatere omsynssoner for drikkevasskjelder i arealplanlegginga.
- Vurdere kapasitet, forsyningssikkerheit og nødvatt.

Avløp:

Kommunen har ein todelt rolle i avløpssektoren som både eigar av avløpsanlegg og som lokal forureiningsmynde. Planen skal legge til rette for ein robust, miljømessig forsvarleg og regelverkstilpassa avløpshandtering.

Fokusområdet for avløp:

- Oppgradering og drift av kommunale reinseanlegg i tråd med gjeldande utsleppsløyve, forureiningsforskrifta og krav i nytt/revidert avløpsdirektiv.
- Kartlegge og redusere innleking og framandvatt gjennom leidningsfornyning.
- Kartlegge og redusere uønskeleg overløp og utslepp frå dei kommunale anlegga, med særleg prioritering av resipientar med sårbar natur eller dårleg miljøtilstand.
- Etablere framtidsretta løysingar for handtering av slam og avfall frå reinsing, i samsvar med gjeldande forskrifter og kommunen sitt klima- og miljømål.
- Vurdere kapasitetsbehov og investeringar som følge av framtidig utbygging og fortetting i samsvar med kommuneplanen sin arealdel.

Overvatt:

Fokusområdet på overvatt i denne planen er det som avlastar avløpsnettet

- Vurdere kapasitetsbehov og investeringar som følge av framtidig utbygging/fortetting i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og som følge av klimaendringar.
- Sanering eller nye anlegg som følge av framandvatn i avløpsnett

Vassmiljø:

Med «vassmiljø» i denne samanheng meiner ein der utslepp frå avløpsnett kan ha påverknad på vassmiljøet. Der avløp utgjer ei sentral forureiningskjelde, vil dette være eit viktig tema å greie ut.

Fokusområdet for vassmiljø:

- Prioritere avløpsrelaterte tiltak som gir størst miljøeffekt.
- Følge opp mål og tiltak i regional vassforvaltningsplan og nasjonale mål for vatn og helse.

4.1 Utreiingsbehov og datagrunnlag

For å kunne utarbeide ein realistisk og anvendeleg hovudplan for vatn, avløp og overvatn, er det nødvendig med eit oppdatert og tilstrekkeleg detaljert kunnskapsgrunnlag. Planen skal bygge på eksisterande data og analysar der dette er tilgjengeleg, og bli supplert med nye vurderingar der kunnskapsgrunnlaget er svakt eller utdatert.

I planarbeidet skal det mellom anna:

- Kartlegge status for vassforsyninga, mellom anna kapasitet, forsyningssikkerheit, sårbarheit, lekkasjar, vasskvalitet og behov for reservevassløyser.
- Kartlegge status for avløpssystemet, inkludert tilstanden på leidningsnett, innleking og framandvatn, overløp, reinseanlegg, og utslepp til resipientar.
- Vurdere økonomiske og gebyrmessige konsekvensar av ulike nivå på tenestekvalitet, fornyingstakt og investeringsnivå, slik at planen gir eit godt grunnlag for langsiktig og føreseieleg gebyrutvikling.

Samstundes med arbeidet med planen vil kommunen gjere oppdateringar i sine risiko- og sårbarheitsvurderingar (ROS) knytte til vatn- og avløpsinfrastruktur, med særleg vekt på klimaendringar, ekstremvêr, skred- og flaumfare, sårbare abonnentar og kritiske funksjonar. Arbeidet med hovudplanen må koordinerast med arbeidet knytt til ROS.

Kunnskapsgrunnlaget skal så langt som mogleg samordnast med dei andre plan- og styringsdokumenta til kommunen, mellom anna klima- og energiplan, beredskapsplanar, vassforvaltningsplan og eventuelle temaplanar på relevante område. Der det blir avdekt vesentlege kunnskapshol, kan det bli nødvendig å gjennomføre tilleggsutgreiingar som ein del av planarbeidet.

4.2 Organisering

Prosjektgruppa består av representantar frå kommunen sin VA-seksjon og plan- og byggesaksavdeling. Det praktiske arbeidet med utarbeiding av plan og underlag vert utført med konsulentbistand.

Ansvar:

- Utarbeide planforslag i samsvar med lov og kravspesifikasjon.
- Samordning mellom fagområde og etatar.


Koordinering med politikarar og relevante aktørar.

Roller:

- Politisk styringsgruppe: Formannskapet som planutval.
- Prosjektansvarleg: Ulf Kristian Rognstad, tenesteleiar, teknisk drift og eigendom.
- Arbeidsgruppe: Representantar frå kommunalteknikk
 - Malvin Fremmerlid
 - Ole Idar Fiksdal
 - Matias Velle Kårstad
- Intern referansegruppe
 - Plan, byggesak og oppmåling
 - Beredskapskoordinator
 - Brann og redning
 - Kommuneoverlege og folkehelsekoordinator
 - Andre etter behov
- Eksterne konsulentar.

4.3 Medverknad

Medverknad er ein viktig del av planarbeidet og skal sikre at innbyggjarane, næringsliv, offentlege instansar og andre råka aktørar får moglegheit til å bidra med innspel.



Høyringsinstansar: Innspel vil bli innhenta frå relevante offentlege myndigheiter og aktørar, inkludert:

- Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- NVE
- Mattilsynet
- Statens vegvesen
- Nabokommunar: Volda, Stranda, Sykkylven, Ulstein, Sula og Hareid
- Lokale vassverk, grunneigarar og interesseorganisasjonar

Alle innspel som blir mottekne i høyringsperioden, vil bli vurderte og ev. innarbeidde i planprogrammet eller hovudplanen før endeleg vedtak. Dette sikrar at planen er forankra hos både offentlege aktørar, innbyggjarar og andre råka partar, og bidreg til eit betre avgjerdsgrunnlag for kommunen.

Det er eit mål at medverknad skal omfatte heile breidda av råka aktørar i Ørsta kommune. I tillegg til formelle høyringar kan det vere aktuelt å involvere følgande grupper:

- **Politisk medverknad**, gjennom informasjon og arbeidsmøte med t.d. formannskapet eller kommunestyret

- **Næringslivsaktører**, inkludert byggenæringa, landbruk, reiseliv, industri og andre verksemdar, med særskilte vatn- og avløpsbehov
- **Representantar frå ulike bygdelag**, for å sikre at lokale tilhøve og utfordringar blir fanga opp

Kommunen vil vurdere å halde eigne dialogmøte, anten fysisk eller digitalt, i planprosessen.

4.4 Oppfølging av høyringsinnspel

Planprogrammet vil bli sendt på høyring i tråd med ovannemnde punkt, og vil bli lagt ut til offentleg ettersyn. Etter høyringsperioden vil kommunen:

- Oppsummere innkomne innspel i ei eiga merknadshandsaming.
- Vurdere og ta stilling til innspela, med særleg vekt på nasjonale og regionale føringar, klima og beredskap, miljømål og lokale behov og prioriteringar.
- Synleggjere dei viktigaste endringane som blir gjort i planprogrammet som følge av høyringa.

Denne oppfølginga skal sikre at vidare planarbeid bygger på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og er godt forankra hos relevante aktørar.

5 Planprosessen

Hovudplanen blir utarbeidd som kommunedelplan etter PBL § 11, med planprogram i samsvar med til PBL § 4-1. Planprogrammet fungerer som eit rammedokument for planarbeidet, og skal avklare kva kommunedelplanen skal omfatte, kva for tema som skal bli vurdert og korleis prosessen blir gjennomført.

5.1 Formål med planprogrammet

Planprogrammet skal:

- Avklare rammer, premisser og formål med planarbeidet.
- Synleggjere planprosess, medverknad, fristar og deltakarar.
- Skildre tema som skal greiast ut, alternativ som skal vurderast og metodar som skal brukast.

5.2 Planstatus

Hovudplanen vil ha status som kommunedelplan for perioden 2027-2037, og planprogrammet gir eit tydeleg rammeverk for heile prosessen.

5.3 Prosess

Gjennomføring av planarbeidet følger av PBL § 4 Generelle utgreiingskrav og kapittel 11 Kommuneplan.

5.4 Framdriftsplan

Tabellen under viser ein førebels framdriftsplan for planarbeidet. Planen kan bli justert undervegs dersom det oppstår behov for tilleggsutgreiingar eller endra føresetnadar.

Aktivitet	1. halvår 2026	2. halvår 2026	1. halvår 2027
Planprogram			
Utarbeide forslag til planprogram	x		
1. gangs politisk behandling av planprogram	x		
Varsel om oppstart, høyring og offentlig ettersyn av planprogram	x		
Behandling av høyringsinnspel og fastsetting av planprogram	x		
Kommunedelplan			
Utarbeide utkast til hovudplan	x	x	
1. gangs politisk behandling av hovudplan			x
Offentleg ettersyn av hovudplan			x
Behandling av innspel og justering av hovudplan			x
Endeleg vedtak av kommunedelplan i kommunestyret			x

Det blir teke sikte på at hovudplan for vatn, avløp og overvatn blir vedteken innan sommaren 2027.

5.5 Alternativ som blir vurdert

Hovudplanen for vatn, avløp og overvatn skal legge føringar for langsiktige investeringar og prioriteringar i VA-sektoren. For å sikre gode og etterprøvbare val skal det, der det er relevant, bli vurdert alternative løysningar på eit overordna nivå.

I planarbeidet vil det mellom anna bli vurdert alternativ knytt til:

- Struktur for vassforsyninga, mellom anna val og sikring av vasskjelder, omfang av reservevassløyser og behov for samankopling av forsyningsområde.
- Organisering av avløpsreinsing, til dømes grad av sentralisering kontra desentraliserte løysingar, overføringar mellom avløpsanlegg og val av reinsnivå i ulike delar av kommunen.
- Løysingar i spreidd busetnad, mellom anna tilknytning til kommunalt nett der dette er aktuelt, eller krav til og oppfølging av lokale/private avløpsløysingar.
- Fornyingsstakt og ambisjonsnivå for lekkasjereduksjon, der ulike nivå på fornying blir vurderte opp mot kostnader, risiko, tenestekvalitet og gebyrverknadar.

For større og prinsipielle tiltak skal det som hovudregel bli vurdert minst eitt realistisk alternativ i tillegg til eit nullalternativ (vidareføring av dagens løysing). Alternative løysingar skal vurderast opp mot mellom anna:

- investerings- og driftskostnader og konsekvensar for gebyrnivå
- risiko, robustheit og beredskap
- klima og miljø

Vurderingane av alternativa skal gi politiske avgjerdstakarar eit betre grunnlag for å velje løysingar som er både fagleg forsvarlege, økonomisk berekraftige og i tråd med nasjonale og regionale mål.

5.6 Planområde

Planområdet er heile Ørsta kommune og omfattar kommunale vatn- og avløpsanlegg, og private løysingar der dette er relevant.

6 Rammer og føringar

Kommunedelplanen for vatn og avløp vil forhalde seg til ei rekke lover, forskrifter, planar og rettleiarar, som vil bli nærare omtalte i hovudplanen. Planarbeidet tek utgangspunkt i gjeldande lover og regelverk ved planvedtak.

Eit viktig prinsipp er at planlegginga til kommunen skal ivareta kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver.

6.1 Nasjonale føringar

- Plan- og bygningslova
- Forureiningslova og tilhøyrande forskrift
- Drikkevassforskrifta
- Vassforskrifta (EU sitt vassdirektiv)
- Avløpsdirektivet
- Vassressurslova
- Byggteknisk forskrift (TEK)
- Folkehelselova
- Matlova
- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Nasjonale mål for vatn og helse (2024)
- Forskrift om miljøretta helsevern

6.2 Regionale og lokale føringar

- Møre og Romsdal fylkeskommunes planstrategi
- Statsforvaltaren sine retningslinjer for vatn og avløp
- Ørsta kommune sin VA-norm
- Forskrift om vatn- og avløpsgebyr (Ørsta kommune)
- Regional vassforvaltningsplan 2022-2027

6.3 Klimatilpassing og samfunnstryggleik

Klimaendringane fører til auka risiko for flaum, overvassproblem, skred, havnivåstigning og periodar med tørke. Samtidig er vatn- og avløpssystemet kritisk infrastruktur for helse, miljø og grunnleggande samfunnsfunksjonar.

Hovudplanen skal:

- Skildre korleis klimaendringar er venta å påverke vassressursar, leidningsnett, resipientar og anlegg i Ørsta kommune.
- Vurdere behov for sikringstiltak, reservevassforsyning, beredskapsløysingar og alternative forsyningslinjer.
- Sjå vatn- og avløpsberedskap i samanheng med den overordna beredskapsplanen og ROS-analysar til kommunen.
- Ha særleg merksemd på sårbare abonnentar, som helse- og omsorgsinstitusjonar, skular, næringsliv med samfunnskritiske funksjonar og område med høg flaum- eller skredrisiko.

Klimatilpassing og samfunnstryggleik skal vere tverrgåande tema i heile planprosessen, og skal ligge til grunn ved vurdering og prioritering av tiltak.

6.4 Berekraft og berekraftsmål

Planarbeidet skal bidra til å nå relevante berekraftsmål, særleg:

- Mål 6: Reint vatn og gode sanitærforhold
- Mål 13: Stoppe klimaendringane
- Mål 14 og 15: Liv under vatn og liv på land

Dette inneber at tiltak og prioriteringar i hovudplanen skal bidra til å redusere forureining til vatn, sikre trygg og robust vassforsyning, redusere klimagassutslepp der det er mogleg, og ta omsyn til naturmangfald og økosystem ved planlegging og gjennomføring av VA-tiltak.

7 Forholdet til konsekvensutgreiing

Hovudplanen fastset mål og strategiar for vatn, avløp og overvatn/vassmiljø, men ikkje ny arealbruk. Etter forskrift om konsekvensutgreiing (KU) § 6 blir planen vurdert til at den ikkje løysar ut krav om KU, fordi den ikkje fastset konkrete rammer for utbygging.

Planen fungerer som eit grunnlagsdokument som viser føresetnadar for framtidige tiltak og investeringar i VA-sektoren. Endelege rammer blir fastsett gjennom kommuneplanen sin arealdel og eventuelle reguleringsplanar, som kan være underlagt KU.

8 Ferdig kommunedelplan

Ferdig kommunedelplan vil innehalde:

- Rammevilkår
- Situasjons- og tilstandsskildring
- Målsettingar
- Handlingsplan for planperioden
- Gebyrutvikling og prioritering
- Oversiktskart over planlagde tiltak

9 Digital VA-plan

Som ein del av satsingane på digital utvikling har kommunen valt å ta i bruk Digital VA-plan, der hovudplanen blir publisert og følgd opp i ei digital løysing. Dette gir ein meir levande plan som er enklare å vedlikehalde, følge opp og oppdatere over tid.

Digital VA-plan skal:

- Gje eit samla bilete av mål, tiltak, framdrift og status for vatn-, avløps- og overvatn-/vassmiljøtiltak i kommunen.
- Bli brukt som verktøy for årleg oppfølging av handlingsdelen.
- Gje støtte til prioritering av nye tiltak når føresetnader endrar seg eller nye behov oppstår.
- Vere integrert mot kart- og fagsystema til kommunen, slik at leidningsnett, anlegg, resipientar og planlagde tiltak blir viste i kart.
- Gje innbyggjarar og andre interesserte innsyn i overordna mål, prioriterte tiltak og framdrift.

God digital oppfølging av planen skal bidra til at det er mindre behov for hyppige fullstendige rulleringar av kommunedelplanen, samstundes som tiltak og prioriteringar kan bli oppdatert på ein kontrollert og etterprøvbar måte.